

# Norske pengespel

## *Gaming in Norway*

2 0 0 1  
2 0 0 2  
2 0 0 3  
2 0 0 4  
2 0 0 5  
2 0 0 6  
2 0 0 7  
2 0 0 8  
2 0 0 9  
2 0 1 0

Statistikk over norske  
pengespel og lotteri

*Annual statistics report from  
The Norwegian Gaming  
and Foundation Authority*



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Denne statistikken er også tilgjengelig i PDF-format på

**[www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)**

# INNHALD

Føreord	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping AS og Extra	15
Norsk Rikstoto	22
Digitale plattformer	25
Bingo	26
Andre lotteri	29
Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn	33
English summary	34
Vedlegg	36

# Fem milliardar til formål frå pengespel og lotteri i 2010

I 2010 satsa nordmenn nærare 24,8 milliardar kroner på dei regulerte pengespela. Dette er om lag 2,2 milliardar meir enn i 2009. Spel på internasjonale nettspel er ikkje medrekna i denne statistikken.

I 2010 gjekk 16,1 milliardar kroner tilbake til spelarane i form av gevinstar. Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjer dermed i overkant av 8,6 milliardar kroner.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann nærare 5 100 kroner på regulerte pengespel i 2010, ein auke på om lag 400 kroner frå året før. Når vi tek omsyn til gevinstane har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen nærare 1 800 kroner. Dette tilsvarer 0,8 prosent av husstanden si disponible inntekt.

Sidan omsetninga har auka på spel med forholdsvis høg gevinstprosent har ikkje omsetning etter gevinstutbetaling auka tilsvarande.

I bingo marknaden vart bingoautomatar fjerna 31. mars 2010. Statistikken for 2010 viser at speling på bingoautomatar i stor grad vart erstatta av spel på databingo.

Ei rekkje lag og organisasjonar har inntekter frå spel og lotteri, og gode føremål fekk 5.0 milliardar kroner. Dette er like stort beløp som i 2009. Størstedelen av formålsinntektene kom frå Norsk Tipping sine spel.

Vi vil takke aktørane i den norske pengespelmarknaden for samarbeidet i samband med statistikkarbeidet vårt.

*Førde, desember 2011*



**Atle Hamar**  
direktør

# 1. Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2010 omsett for 24,8 milliardar kroner. Av dette gjekk 16,1 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 8,6 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2010

År 2010	Millionar	
	NOK	EUR <sup>1</sup>
Brutto omsetning (spelt for)	24 751	3 091
Gevinst	16 105	2 011
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	8 646	1 080

År 2010	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>2</sup>	5 062	632	1 768	221
Per innbyggjar 15 år og eldre	6 235	779	2 178	272
Per husstand <sup>3</sup>	11 137	1 391	3 890	486
Prosent av disponibel inntekt <sup>4</sup>	2,19 %		0,77 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 5 062 kroner i 2010.

Dette er om lag 400 kroner meir enn i 2009 då satsa beløp per innbyggjar var kroner 4 663.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2010 ha lagt igjen 1 768 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjør dette 0,77 prosent.


<sup>1</sup> Middeltkurs 2010 frå Norges Bank 8,0068.

<sup>2</sup> Gjennomsnittleg folketal frå SSB, [www.ssb.no](http://www.ssb.no) 1/1-2010 og 1/1-2011.

<sup>3</sup> Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,2 (Statistisk årbok (SSB)).

<sup>4</sup> Statistisk årbok (SSB), «Husholdninger og ideelle organisasjoner. Inntekter, utgifter og sparing.» Disponibel inntekt 1 128 964millionar kroner.

### Brutto omsetning i 2010



I 2010 spelte nordmenn for 24,8 milliardar kroner. Samla brutto omsetning har auka frå 22,5 milliardar kroner i 2009. 2010 er det andre året sidan 2005 der den samla omsetninga i marknaden er auka.

Norsk Tipping starta i 2009 utplassering av speleterminalane Multix, og 2010 er dermed første året terminalar har stått utplassert eit heilt år. I 2010 har nordmenn satsa 13,8 milliardar på Norsk Tipping sine spel, og av dette om lag 3,5 milliardar på multixspel. I tillegg 0,93 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer.

På hestesport spelte nordmenn for nærare 3,7 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning i underkant av 5,4 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde 5,15 milliardar inkludert sidespel i bingo (elektroniske<sup>5</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 210 millionar kroner.


Blant dei andre lotteria er det landslotteria som hadde størst omsetning med 383 millionar kroner. For lokale og regionale lotteri<sup>6</sup> estimerer vi omsetninga til 120 millionar kroner.

I 2010 vart det spelt for 469 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

<sup>5</sup> Databingo og bingoautomatar.

<sup>6</sup> Mindre lotteri, såkalla lykkespel, er ikkje medrekna.

### Den norske pengespelmarknaden år 2010, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto til saman 71 prosent av marknaden.

#### Gevinstar og pengepremiar i 2010

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	13 823	8 698	5 125	63 %
Norsk Rikstoto	3 667	2 462	1 205	67 %
ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering	927	463	463	50 %
Bingo med entreprenør*	5 152	3 871	1 281	75 %
Landslotteri	383	71	312	18 %
Bingo utan entreprenør**	210	130	80	62 %
Lokale/regionale lotteri**	120	30	90	25 %
Spel på skip	469	380	90	81 %
<b>Totalt</b>	<b>24 751</b>	<b>16 105</b>	<b>8 646</b>	<b>65 %</b>

\*) For entreprenørbingo er omsetninga delvis estimert.


\*\*) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimat basert på eit utval av rekneskapsopplysningar (sjå vedlegg).

Spelarane vann tilbake totalt 16,1 milliardar kroner av innsatsen på 24,8 milliardar. I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent mest tilbake frå spel på skip (81 %), entreprenørbingo (75 %) og Norsk Rikstoto (67 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapan (m.a. pga oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapan).

## Samandrag

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2010



Norsk Tipping hadde størst netto omsetning (59 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto hadde til saman 73 prosent av marknaden i 2010.

### Fordeling til formål og administrative kostnader i 2010

	Netto omsetning		Formål		Administrative kostnader	
	Mill. kr	Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent	
Norsk Tipping	5 125	3 242	63 %	1 883	37 %	
Norsk Rikstoto	1 205	599	50 %	606	50 %	
Extra	463	234	51 %	140	30 %	
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		89	19 %			
Bingo med entreprenør	1 281	329	26 %	952	74 %	
Landslotteri	312	83	26 %	230	74 %	
Bingo utan entreprenør*	80	50	63 %	30	38 %	
Lokale/regionale lotteri*	90	80	89 %	10	11 %	
Spel på skip	90	18	20 %	72	80 %	
<b>Totalt</b>	<b>8 646</b>	<b>4 725</b>	<b>55 %</b>	<b>3 921</b>	<b>45 %</b>	

\*) Estimerte og avrunda beløp

4,72 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (3,24 mrd) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (63 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk der 599 millionar til formåla.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For entreprenørbingo, landslotteri og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter mindre enn halvparten av netto omsetning.




## Samandrag

Frå entreprenørbingo fekk formåla 329 millionar (26 %). Dette er ein reduksjon frå 2009 då formålets inntekter utgjorde 351 millionar.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 18 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.



Administrative kostnader<sup>7</sup> utgjorde 3,9 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene. Den største delen av kostnaden (1,88 mrd) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (37 %). Større kostnadsbeløp kom også frå entreprenørbingo (0,95 mrd) og Norsk Rikstoto sine spel (0,61 mrd).

Kostnadar til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær, telemarketing og så vidare.

Netto omsetning i 2010 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær eller lokalinnhavar	
		Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	5 125	723	14 %
Extra	463	63	14 %
Norsk Rikstoto	1 205	189	16 %
<b>Totalt</b>	<b>6 793</b>	<b>976</b>	<b>14 %</b>

Frå spela her gjekk det 976 millionar til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnhavarar.

<sup>7</sup> Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

## Samandrag

### Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter – 2010	Mill. kr	Prosent
Idrett	1 937	38 % *
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	1 250	25 %
Musikk/kultur/fritid	138	3 % *
Hest/hestesport	599	12 %
Helse	480	10 % *
Humanitær	446	9 % *
Diverse	35	0,7 % *
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	144	2,9 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtferd	12	0,2 %
<b>Totalt</b>	<b>5 041</b>	<b>100 %</b>

\*) I tillegg får formåla delar av 144 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,9 %).

Tabellen over inkluderer også inntekt til formål som ikkje skriv seg frå spelomsetninga i 2010. Frå speleomsetninga i 2010 gjekk 4 725 millionar til formål. I tillegg kom der midlar frå Norsk Tippings premiefond med i alt 371 millionar<sup>8</sup>, og det meste av dette er her fordelt på fleire av formålskategoriane.

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenekkelen tildelt via ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

Idretten får si tildeling gjennom Kulturdepartementet. Midlane til kultur går gjennom statsbudsjettet (2/3) og regjeringa (1/3). Midlar til samfunnsnyttige eller humanitære formål blir utbetalt på to måtar. Det meste blir betalt direkte frå Lotteritilsynet etter fastsett fordeling. Ein mindre del blir betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001.

Grasrotordninga og midlar til tiltak mot uheldig speleåtferd kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, men er ikkje medrekna i tippenekkelen.

#### **Idrett (1 937 millionar \*)**

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenekkelen med 1 558 millionar, 179 millionar frå grasrotordninga, 166 millionar frå entreprenørbingo, 16 millionar frå landslotteri og frå spel på skip 14 millionar. I tillegg inngår 3 millionar frå Norsk Tipping utbetalt av Lotteritilsynet til einskilde lag og foreiningar på grunnlag av automatinntekter i 2001.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar innafor vedtaksfesta formål.

<sup>8</sup> Totalt vart det henta 392 millionar frå Norsk Tipping sitt investeringsfond som vart avvikla. Fondet auka i 2010 med 21,4 millionar som i gjennomgangen er fordelt på formål frå omsetning i 2010. Dei resterande 370,6 millionar er lagt til formålets inntekter utan at dette skriv seg frå omsetning i 2010. 1,3 mill. av dette gjekk til Extra. Ein del av fordelinga frå Norsk Tipping blir fordelt av Lotteritilsynet etter søknad frå samfunnsnyttige eller humanitære lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001. Frå tildelinga står det igjen 54,6 millionar som ikkje er tildelt. Samla beløp til formål utgjer dermed kroner 5 041 millionar (4 725 mill. + 371 mill. – 55 mill.).

## Samandrag

---

### **Kultur og fritid (1 388 millionar \*)**

Også her er det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (833 millionar) eller som løyving frå regjeringa (417 millionar).

I tillegg er det om lag 138 millionar i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på entreprenørbingo med 65 millionar, grasrotmidlar (NT) 53 millionar, landslotteri 2 millionar, spel på skip 3 millionar og tildeling på grunnlag av tidlegare automatinntekter med 15 millionar. Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

### **Hest/hestesport (599 millionar)**

Dette er inntekter som utelukkande kom frå Norsk Rikstoto.

### **Helse (480 millionar \*)**

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund. 235 millionar som ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår.

Elles inngår 126 millionar frå Norsk Tipping, 37 millionar frå landslotteri, 55 millionar frå entreprenørbingo, 10 millionar frå grasrotordninga (NT) og 17 millionar (NT) som Lotteritilsynet har betalt ut på grunnlag av automatinntekter i 2001.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

### **Humanitær (446 millionar \*)**

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktningshjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 385 millionar, landslotteri med 20 mill. og entreprenørbingo med 29 millionar. I tillegg er det rekna med 3 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar og 9 millionar (NT) etter søknad på grunnlag av automatinntekter i 2001.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

### **Diverse organisasjonar (35 millionar \*)**

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (14 millionar), landslotteri (8 millionar), grasrotmidlar (NT) (5 millionar), spel på skip (1 million) og 7 millionar (NT) på grunnlag av automatinntekter i 2001.


### **Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd (12 millionar)**

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

### **Uspesifiserte inntekter (144 millionar)**

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (50 millionar), lokale/regionale lotteri (80 millionar) og grasrotmidlar (14 millionar). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at nærare 30 millionar av dette er inntekt for lokalradio og -TV.

### Den norske pengespelmarknaden år 2010, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



#### Endring frå år 2009

Basert på omsetninga i spelemarknaden, medrekna midlar frå Norsk Tippings investeringsfond i 2009 og premiefond i 2010, fekk formåla i 2010 om lag same beløp i 2010 som året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2009	2010	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	1 937	1 937	0	0 %
Kultur (statsbudsjettet og regjeringa)	1 250	1 250	0	0 %
Musikk/kultur/fritid	129	138	9	7 %
Hest/hestesport	611	599	-12	-2 %
Helse	464	480	16	4 %
Humanitær	447	446	-1	0 %
Diverse	43	35	-8	18 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	141	144	3	2 %
Tiltak vedk. speleavhengighet	12	12	0	0 %
<b>Totalt</b>	<b>5 035</b>	<b>5 041</b>	<b>6</b>	<b>0 %</b>

## 2. Endring i omsetning

Her samanliknar vi omsetning i 2010 med åra 2003 til 2009.

### Den norske pengespelmarknaden totalt<sup>9</sup>

Tal i millionar kroner	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Endring 2009- 2010
Brutto omsetning (spelt for)	37 509	40 827	42 362	38 246	27 372	18 980	22 515 <sup>10</sup>	24 751	10 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	10 926	11 511	11 684	10 935	9 277	7 879	8 350	8 646	4 %

Brutto omsetning er i 2010 auka med 10 prosent frå 2009. Netto omsetning har hatt ein mindre auke. Forskjell i prosentvis auke skuldast mellom anna auka omsetning i spel med høgare gevinstprosent.

### Norsk Tipping

Tal i millionar kroner	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Endring 2009- 2010
Brutto omsetning	8 921	8 805	8 433	8 846	9 514	9 612	11 624	13 823	19 %
Netto omsetning	4 140	4 200	3 989	4 131	4 441	4 481	4 777	5 125	7 %

Brutto omsetning var 19 prosent større i 2010 enn i 2009. Auken både i brutto og netto omsetning heng mellom anna saman med at 2010 er første driftsåret der mange speleterminalar (Multix) var utplasserte gjennom eit heilt år. Disse spela har langt høgare gevinstprosent enn dei andre spela hos Norsk Tipping. Netto omsetning (etter premieutbetaling) har auka med 7 prosent for Norsk Tipping. Dei einskilde spela blir nærare omtalt i del 3 av rapporten.

### Extra

Tal i millionar kroner	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Endring 2009- 2010
Brutto omsetning	822	812	771	773	874	967	950	927	- 2 %
Netto omsetning	411	406	385	386	437	483	475	463	- 2 %

Omsetninga i 2010 er redusert med 2 prosent samanlikna med året før. Frå 2008 til 2009 hadde Extraspelet ein tilsvarende reduksjon.

### Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Endring 2009- 2010
Brutto omsetning	2 414	2 623	2 781	2 780	3 163	3 710	3 625	3 667	1 %
Netto omsetning	810	902	959	944	1 056	1 214	1 186	1 205	2 %

Norsk Rikstoto si brutto omsetning har auka med 1 prosent i høve til 2009. Frå 2008 til 2009 hadde Norsk Rikstoto ein reduksjon på 2 prosent.

<sup>9</sup> For perioden 2002 til og med første halvår 2005 var det gitt to prøvekonsejningar for norske spel på elektroniske plattformer. Dette var tivoli.no og SMS.Jackpot. Samla brutto og netto omsetning utgjorde høvesvis: 2003: 13,0 og 3,0. 2004: 24,3 og 4,0. 2005: 13,6 og 1,9. Alle tal i millionar.

<sup>10</sup> Talet er korrigerert i forhold til årsstatistikken for 2009, jf fotnote 13.

## Endring i omsetning

### Entreprenørbingo

									Endring 2009- 2010
Tal i millionar kroner	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Brutto omsetning	1 609	1 642	1 732	1 891	2 629	3 955	5 129	5 152	0 %
Netto omsetning	411	428	462	559	856	1 199	1 326	1 281	- 3 %

Entreprenørbingo har totalt hatt stabil brutto omsetning. For netto omsetning har det vore ein reduksjon på 3 prosent. Dette heng saman med høgare gevinstprosentar i rapporterte tal. Då bingoautomatane vart fjerna i marknaden 31. mars 2010 steig omsetninga for databingo som har noko høgare gevinstprosent.

### Landslotteri

									Endring 2009- 2010
Tal i millionar kroner	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Brutto omsetning	531	466	508	424	422	396	378	383	1 %
Netto omsetning	441	401	416	341	345	322	311	312	0 %

Landslotteri har i 2010 hatt stabil omsetning samanlikna med 2009.

### Andre spel/lotteri

Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

<b>Bingo utan entreprenør</b>	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Tal løyve:	1 050	1 100	800	640	710	570	500	460
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning <sup>11</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar)	310	320	250	230	240	230	220	210

Totalt syner tal frå Lotteriregisteret ein reduksjon i lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

<b>Lokale/regionale lotteri</b>	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Tal meldingar motteke	2 950	3 000	2 900	2 750	2 050	2 610	2 420	2 420
Tal løyve gitt:	150	150	150	120	110	100	100	90
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning <sup>12</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar)	100	100	120	100	90	110	120	120

På grunnlag av tal meldingar, løyver og rekneskap i 2010 har vi estimert same omsetning som i 2009.

### Spel på skip

Tal i millionar kroner	2009	2010	Endring
Brutto omsetning	468 <sup>13</sup>	469	0 %
Netto omsetning	93	90	- 4 %

For brutto omsetning har spel på skip vore uendra, medan netto omsetning er litt redusert.


<sup>11</sup> Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte)

<sup>12</sup> Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte)

<sup>13</sup> I årsstatistikken for 2009 var talet for omsetning feil. Her er dette talet korrigert.

### 3. Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning før gevinstutbetaling var 13,8 milliardar kroner i 2010. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på 0,93 milliard.<sup>14</sup>



51 prosent av samla innsats vart satsa på talspela Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno. Legg ein til omsetninga frå Flax og Multix, kjem 84 prosent av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspela Tipping og Oddsen stod for 16 prosent av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane.

Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno	7 000,1	50,6 %
Sportsspel:	Tipping og Oddsen	2 271,6	16,4 %
Skrapelodd:	Flax	1 021,2	7,4 %
Terminalspel:	Multix	3 530,1	25,5 %
Total brutto omsetning		13 823,0	100,0 %

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Multix	Totalt
Total brutto omsetning	7 000,1	2 271,6	1 021,2	3 530,1	13 823,0
Totalt til gevinst	3 520,3	1 413,2	554,4	3 210,1	8 698,0
Total netto omsetning	3 479,8	858,4	466,8	320,0	5 125,0
Gevinstprosent	50 %	62 %	54 %	91 %	63 %

<sup>14</sup> Samla omsetning gjennom NT var dermed 14,75 milliardar i 2010.

## Norsk Tipping AS og Extra

---

Totalt gjekk 63 prosent tilbake til spelar som gevinst. 37 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Samanlikna med 2009 er den totalt gevinstprosenten auka frå 59 til 63 prosent. Auken i samla gevinstprosent skuldast omsetningsauke på Multix der gevinstprosenten er høg (91 prosent). I 2009 utgjorde brutto omsetning for Multix nær 1,7 milliard og i 2010 har omsetninga auke til 3,5 milliardar.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 og 54 prosent. Sportsspel har ein samla gevinstdel på 62 prosent der oddsspele har høgaste prosent. Oddsspel hadde ein samla gevinstdel på 65 prosent. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 55.

Talspel inklusive Extra har i spelereglane fastsett gevinstprosenten til 50, og for skrapeloddet Flax til mellom 45 og 55 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via Internett. Talet på kommisjonærar har stort sett vore stabilt gjennom 2010, 4 038 den 1. januar og 4 005 den 31. desember. Spel via Internett skjer mest via PC, men også via mobiltelefon.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnettlet (8 723 mill.<sup>15</sup>, og i tillegg 3 531 mill.<sup>16</sup> på spel på multixterminalar). Vidare spelte nordmenn for 1 569 millionar<sup>17</sup> på NT sine egne spel over Internett. Av dette vart det spelt for 699 millionar på Tipping og Odds, og 870 millionar på talspel. Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett.

### Extra – eit spel for ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegne av ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forskning.

I 2010 vart det spelt Extra for 927 millionar kroner. Gevinstprosenten er 50.

<b>Omsetning og gevinst</b>	<b>Mill. kr</b>	<b>Prosent</b>
Brutto omsetning	926,8	100 %
Til gevinst	463,4	50 %
Netto omsetning	463,4	50 %

Det meste av omsetninga kom gjennom kommisjonærnettlet (835 millionar<sup>18</sup>). I tillegg spelte nordmenn for 92 millionar<sup>19</sup> på Extra over Internett.

---

<sup>15</sup> Av dette utgjer *Spill i kasse* 151 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupong (talspel) som i 2010 vart selt over disk i over 490 REMA 1000 butikkar.

<sup>16</sup> Talspel levert på multixterminal utgjer 1 million.

<sup>17</sup> Av dette kjem 211 millionar frå sal via mobiltelefon.

<sup>18</sup> Av dette utgjer *Spill i kasse* 15 millionar.

<sup>19</sup> Av dette kjem 8 millionar frå sal via mobiltelefon.



### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

#### Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 5 125 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	3 242,4	63 %
Til Norsk Tipping AS	1 159,2	23 %
Til kommisjonær	723,4	14 %
Sum = netto omsetning	5 125,0	100 %

Reell fordeling til formål frå Norsk Tippings omsetning i 2010 var noko høgare enn vist her. Til overskotsformåla gjekk det 3 331,7 millionar<sup>20</sup>, inklusive 12 millionar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd.

Selskapet mottar også operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2010 utgjorde operatørgodtgjersla 89,3 millionar som også inngår i Norsk Tipping si overføring til NT formål.

Det blei utbetalt 264 millionar kroner til mottakarar under ordninga med grasrotandelen. Beløpet er ført som driftskostnad (Grasrotandel) i Norsk Tipping sitt rekneskap, men vart betalt ut som inntekter for om lag 17 100 ulike lokale lag og foreiningar i Norge. Grasrotandelen er lagt til som utbetaling til formål i denne årsstatistikken.

Frå Norsk Tipping sine egne spel gjekk 63 prosent til formål over tippennøkkelen og Grasrotandel. Overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2010 blir utbetalt til formål i 2011. Vi nemner at Norsk Tipping i tillegg til overskotet frå 2010 også har betalt ut 369 millionar<sup>21</sup> som er henta frå Norsk Tipping sitt premiefond. Total utbetaling til formål i 2010 (finansiert med 2010-overskotet og midlar frå fond) utgjer dermed 3 701 millionar kroner<sup>22</sup>.

#### Fordeling til overskotsformål

Frå tildeling i 2010 gjekk 1 558 millionar til idrett, 1 250 mill. til kultur og 617 mill. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. I tillegg vart det fordelt 12 mill. til tiltak i høve til uheldig speleåtfærd.

For kultur blei 833 millionar tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildeler 417 mill. til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* 167 mill, *Kulturbygg, møteplassar og formidlingsarenaer for kultur* 125 mill. og *Frifondordninga* 125 mill.), jamfør pressemelding frå Kulturdepartementet 20. mai 2011.

For idretten er fordelinga meir spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kulturdepartementet si pressemelding 29. april 2011.

#### Tal i millionar kroner

Idrettsanlegg	735,7
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	566,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	156,0
Spesielle aktivitetar	51,4
Forskings- og utviklingsarbeid	20,1
Nasjonalanlegg / spesielle anlegg	29,4
Totalt	1 558,4


<sup>20</sup> 3 242,4 mill. frå egne spel + 89,3 mill. frå operatørgodtgjersle Extra.

<sup>21</sup> Fondet utgjorde totalt 392,0 millionar, men 4,8 millionar tilhørte Extra og 17,9 mill. var opparbeidd gjennom 2010 for Norsk Tippings egne spel.

<sup>22</sup> 1 558,4 mill. til idrett, 1 250,1 til kultur, 12 millionar til arbeid mot problematisk speleåtfærd, 616,5 mill. til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som hadde inntekter frå gevinstautomatar i 2001 og 264 mill. til Grasrotandel (jf. Norsk Tipping sin årsrapport for 2010, side 15 og 72).

## Norsk Tipping AS og Extra

Mykje av idretten sine speleinntekter gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité – høvesvis 47 og 36 prosent. Diagrammet under viser prosentvis fordeling.



Frå Norsk Tipping er det fordelt 617 millionar til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

Tabellen under viser fordelinga til formål:

10H	511,1 mill.
Andre organisasjonar	50,8 mill.
<b>Totalt utbetalt</b>	<b>561,9 mill.</b>

Ufordelt beløp overført til tildeling i 2012	54,6 mill.
<b>Totalt</b>	<b>616,5 mill.</b>

10 organisasjonar som utgjer 10H fekk totalt utbetalt 511 millionar. For 5 humanitære organisasjonar utgjer dette i alt kroner 385 millionar. For 5 helseorganisasjonar 126 millionar.

Norges Røde Kors	215 mill.	Kreftforeningen	69 mill.
Redningsselskapet	133 mill.	Handikapforbundet	20 mill.
Norsk Folkehjelp	16 mill.	Norges Blindedeforbund	18 mill.
Redd Barna	11 mill.	Landsf. for hjerte og lungesyke	12 mill.
Flykninghjelpen	10 mill.	Nasjonalforeningen for folkehelsen	7 mill.

## Norsk Tipping AS og Extra

354 andre lag og foreiningar har etter søknad til Lotteritilsynet fått tildelt totalt 50,8 millionar kroner. Ved denne tildelinga innvilga vi 20 færre søknadar enn året før. Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar:

	<b>tal foreiningar</b>	<b>totalt tildelt</b>
Idrett	37	3,0 mill.
Helse	62	16,9 mill.
Musikk/kultur/fritid	190	14,8 mill.
Humanitær	43	9,4 mill.
Diverse	22	6,7 mill.
<b>Total</b>	<b>354</b>	<b>50,8 mill.</b>

### Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2010 har det gått 264 millionar til om lag 17 100 lokale lag og foreiningar. Inntil 5 prosent av innsatsen som blir satsa i spel kan gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølv bestemmer at pengane skal gå til. Ei føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

<b>Kategori i Frivillighetsregisteret</b>	<b>Kategori i Lotteriregisteret <sup>23</sup></b>	<b>Grasrotandel i 2010 - kroner</b>	<b>Tal foreiningar</b>
Idrett	Idrett	179 361 791	6 187
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	25 718 292	3 831
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	12 872 423	2 306
Interesseorganisasjonar	Helse	9 470 834	1 424
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	9 084 951	652
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	8 992 956	812
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	4 995 039	821
Dyrevern	Diverse	4 009 387	54
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	3 542 559	325
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	2 480 467	129
Krisehjelp og støttearbeid	- fleire kategoriar	943 966	98
Tru- og livssynsorganisasjonar	Diverse	718 214	173
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	557 831	72
Natur- og miljøvern	Diverse	447 116	67
Frivillighetsentraler	Musikk/kultur/fritid	317 052	44
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	311 413	50
Politiske organisasjonar	Diverse	144 828	30
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	75 427	5
Sjukeheim	Helse	47 353	2
Yrkessammenslutningar	Diverse	14 618	12
Annen utdanning	Diverse	11 384	5
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	10 346	2
Forsking og utvikling	Diverse	9 190	3
Bustad - og lokalmiljø	Diverse	6 518	5
Andre	Diverse	3 899	3
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	2 693	1
Sjukehus og rehabilitering	Helse	1 530	2
Juridisk rådgiving	Diverse	1 047	1
Næringslivs- og arbeidsgjevarorganisasjonar	Diverse	560	1
<b>Total</b>		<b>264 153 683</b>	<b>17 117</b>

<sup>23</sup> Under føresetnad av at organisasjonen var godkjent som lotteriverdig organisasjon ville den blitt gitt eitt av fem kategorinamn.

## Norsk Tipping AS og Extra

I høve til vår kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2010	Millionar	Prosent
Idrett	179	68 %
Helse	10	4 %
Musikk/kultur/fritid	53	20 %
Humanitær	3	1 %
Diverse	5	2 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	14	5 %
Totalt	264	100 %

Største delen av grasrotmidlane, 68 prosent, gjekk i 2010 til idrettslag. Også organisasjonar innan musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse- og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

I Norsk Tipping sin årsrapport er Grasrotandelen kostnadsført. I samleoppstillingar framme i denne årsstatistikken vil desse midlane inngå som formålsinntekter

### Norsk Tipping og kommisjonærane – inklusive nettpartnerar

Frå NT sine egne spel fekk kommisjonærar inklusive nettpartnerar 14 prosent av netto omsetning, i alt 723 millionar i provisjon. Legg vi til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 786 millionar.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill. kr
NT sin del av inntekt frå egne spel og Extra (til NT's drift)	1 236,2
NT sine samla netto kostnader <sup>24</sup>	1 224,3
Midlar som er haldne tilbake i NT <sup>25</sup>	11,9

Ved slutten av året vart premiefond avvikla med i alt 392 millionar.

### Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 463,4 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Tabellen under viser korleis denne omsetninga er fordelt.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål (ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering)	234,1	51 %
Til Norsk Tipping AS	166,3	36 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	63,0	14 %
Sum = netto omsetning	463,4	100 %

Frå netto omsetning i 2010 fekk ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering 234,1 millionar<sup>26</sup> eller 51 prosent av netto omsetning.

Ein del av overføringa til NT var operatørgodtgjersle, og var ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2010 utgjorde dette 89,3 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål. Dette utgjorde 19 prosent av Extra si netto omsetning.

<sup>24</sup> Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

<sup>25</sup> Nettoeffekt av overføring til bunde eigenkapitalfond og overføring frå investeringsfond

<sup>26</sup> Extrastiftelsen mottok 235,4 millioner der 4,8 millioner kom frå avvikling av premiefond. 1,3 millioner av premiefondet var opparbeidd før 2010.

### Fordeling til formål i år 2010


ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer.

ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering delte ut i alt 220 millionar fordelt på 557 prosjekt.


Fordeling til formål frå Extra	Mill. kr	Prosent
Førebygging	65,0	32,4 %
Forskning	70,3	35,1 %
Rehabilitering	65,0	32,5 %
Sum	200,3	100,0 %
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	20,0	
Totalt	220,3	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut frå 2010-overskotet fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

### Ekstraspelets midlar fordelt på aldersgrupper 2010




### Extraspelets midlar fordelt på helseområde i 2010



## 4. Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var om lag 3,67 milliardar kroner i år 2010.



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 666,9	100 %
Totalt til gevinst	2 462,1	67 %
Total netto omsetning	1 204,8	33 %

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett og mobiltelefon. Talet på kommisjonærar med terminalar er auka gjennom 2010, frå 1 328 den 1. januar til 1 479 den 31. desember<sup>27</sup>. Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner. Norsk Rikstoto formidlar også spel på løp i andre land.

69 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde 6 prosent, medan Internett stod for 25 prosent. I 2009 utgjorde omsetninga over Internett 22 prosent.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær	2 527,8	68,9 %
Baner	220,4	6,0 %
Internett <sup>28</sup>	918,7	25,1 %
Total	3 666,9	100,0 %

<sup>27</sup> Talet gjeld kommisjonærar med terminalar.

<sup>28</sup> Spill via mobiltelefon via m.rikstoto.no inngår under internettpill.

## Norsk Rikstoto

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 1 205 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	599,2	50 %
Avgift til staten	135,7	11 %
Til operatør (Rikstoto)	280,5	23 %
Til kommisjonær	189,4	16 %
Sum = netto omsetning	1 204,8	100 %

Til formåla gjekk det 599 millionar kroner eller 50 prosent av netto omsetning. I 2009 var prosenten til formål 52, som då utgjorde 611 millionar. Nedgangen skuldast omorganisering av det regionale salsapparatet<sup>29</sup>.

Fordeling til formål	Mill. kr	
V75 og storløp-premiar		75,5
Transporttilskot		4,1
Norsk Hestesenter		24,8
Det Norske Travelskap		73,8
Norsk Jockeyklubb		24,6
Bidrag avskrivning finans		21,6
Provisjon driftsselskap (banene)		374,8
derav drift løpsbaner <sup>30</sup>	173,8	
derav premiar til hesteeigarar	201,0	
Totalt		599,2

### Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottok driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.


Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

<sup>29</sup> I 2010 blei det regionale salsapparatet omorganisert der regionale salskonsulentar vart tilsett i Norsk Rikstoto og ikkje i dei einskilde driftsselskap (banene). Dette blei motrekna i reduserte overføringar til driftsselskapa som vart redusert med ca 15 millionar kroner og Norsk Rikstoto sine kostnader auka tilsvarande.

<sup>30</sup> Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene og lokal marknadsføring mot kommisjonærar i regionane.

### Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto år 2010



#### Statsavgift

Avgift til staten (136 mill.) er ei fiskalavgift til statskassa utan øyremerkning.

#### Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 189 millionar eller 16 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå sine egne nettsider.

#### Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto Mill. kr

RT sine inntekter frå hestespel	207,3
Andre inntekter	50,9
Samla kostnader	300,2
Årsresultat	- 42,0

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit underskot på 42,0 millionar kroner for 2010. Til samanlikning var underskotet 11,1 millionar i 2009. I 2008 og 2007 var overskotet høvesvis 55,1 og 30,4 millionar.



## 5. Digitale plattformer

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett der ein kan spele frå PC og mobiltelefon.

Det er innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, men spela er dei same som om ein går til tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner.


Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto, til dømes lønskonto, eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

### Digitale plattformer

#### brutto omsetning

(mill. kr)	2006	2007	2008	2009	2010	Endring frå 2009	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	468,1	692,6	912,1	1 242,1	1 660,2	418,1	34 %
Norsk Rikstoto	480,1	615,9	744,4	794,4	918,7	124,3	16 %
Totalt	948,2	1 308,5	1 656,5	2 036,5	2 578,9	542,4	27 %

### Brutto omsetning – spel på digitale plattformer. I 2010 totalt 2 579 millionar



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Respons Analyse AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2010<sup>31</sup> og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert berekningar for spel på Internett for 2010.

10,1 prosent av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel – både på norske og utanlandske nettstader. Dette utgjorde 380 000 nordmenn over 18 år.

For 2010 har Lotteritilsynet estimert at nordmenn satsa om lag 5 milliardar kroner på utanlandske nettstader. Dei seinare åra tyder målingar på at denne omsetning er noko redusert samanlikna med tidlegare års estimat, jamfør Lotteritilsynets årsmeldingar frå 2007 til 2010.

<sup>31</sup> Kvartalsvise målingar gjort i 2010 (1 000 personar over 18 år vart spurde kvar gong).

## 6. Bingo

Bingo deler vi i to typar:

- 1) *Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar mottek overskotet.
- 2) *Bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo. For bingo utan entreprenør har vi utarbeidd estimat på grunnlag av talet på løyve i Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2010.

### Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på rapportering og data frå bingoentreprenørane som til saman dreiv 219 bingolokale per 31. desember 2010. Talet på lokale i entreprenørbingo har auka med 27 sidan utgangen av 2009 då talet var 192. Talet på entreprenørar er 61 ved utgangen av 2010. Året før var talet også 61 entreprenørar med bingodrift.

### Bingo med entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2010

Brutto omsetning <sup>32</sup>	
sidespel er inkludert	5 152 mill. kr
Gevinst	3 871 mill. kr
Netto omsetning	1 281 mill. kr
administrativ kostnad	952 mill. kr
overskot til formåla	329 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	6 %
Formåla sin del av netto omsetning	26 %
Gevinstprosent	75 %

Entreprenørbingo omsette for 5,15 milliardar kroner i år 2010. Til lag og organisasjonar vart det overført 329 millionar kroner eller 6 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 75 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 26 prosent.

Samanlikna med 2009 er brutto omsetning om lag uendra. Brutto omsetning i 2009 var 5 129 millionar kroner. Netto omsetning var 1 326 millionar, og er dermed noko redusert gjennom 2010.

Formåla har i 2010 fått 22 millionar mindre enn året før. Det skuldast mellom anna at omsetning etter gevinstutbetalingar er redusert med om lag 45 millionar.

### Sidespel

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi databingo og bingoautomatar. Papirsidespel er til dømes «Mølle».

Sidespel per 31. desember 2010	Entreprenørar	Prosent
Databingo	61	100 %
Papirsidespel	8	13 %
Ingen sidespel	0	-
Tal entreprenørar totalt	61	

<sup>32</sup> Brutto omsetning og gevinst er estimert for delar av omsetninga i elektroniske sidespel. I tillegg er delar av omsetning estimert for ein større entreprenør der vi ikkje har motteke informasjon for heile verksemda (sjå vedlegg).

## Bingo

45 entreprenører hadde bingoautomatar fram til 31. mars 2010. Alle har databingo ved utgangen av 2010. 8 entreprenører har papirsidespel.

Etter første kvartal 2010 var det ikkje lov å ha utplassert bingoautomatar. Ved utgangen av mars 2010 var det utplassert om lag 2 100 bingoautomatar. Det stod bingoautomatar i 138 eller 63 % av bingohallane.

Ved utgangen av året stod det databingo i alle 219 bingohallane. Det var då utplassert totalt om lag 6 800 databingoterminalar. Talet på databingoterminalar auka gjennom 2010. Ved utgangen av 2009 rapportert entreprenørane om 5 429 terminalar.

### Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2010

Tal i millionar kroner	Brutto oms.	Gevinst	Gevinst prosent	Netto oms.	Til formål	Pst. til formål av netto oms.
Hovudspel	1 076*	768*	71 %	308	48	16 %
Sidespel:						
- bingoautomatar	553*	375*	68 %	178	52	29 %
- databingo	3 518*	2 725*	77 %	793	229	29 %
- papirsidespel	5	3	61 %	2	0,6	30 %
Sidespel totalt	4 076	3 103	76 %	974	281	29 %
Totalt	5 152	3 871	75%	1 281	329	26 %

\*) *Delvis estimat*

Databingo har hatt ein stor auke i omsetning samanlikna med året før. I 2009 var brutto omsetning 1 255 millionar kroner. Tal for nettoomsetning var då 254 millionar. Omsetninga flytta seg i stor grad frå bingoautomatar til databingo gjennom 2010.

Omsetning på hovudspel er stabilt samanlikna med 2009. Då var brutto omsetning 1 048 millionar og netto omsetning 305 millionar.


75 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 77 prosent. Gevinstprosentane har auka noko samanlikna med 2009 då samla gevinstprosent var 74 prosent. Når meir av omsetninga i 2010 har gått gjennom databingo som er det spelet i bingo med høgaste gevinstprosent, vert netto omsetning noko mindre enn den var i 2009.

Lag og foreiningar fekk totalt 329 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. 85 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og mest frå databingo.

Bingoentreprenørane spelte for 2 799 lag og foreiningar i år 2010. Dette er ein auke med 333 lag samanlikna med 2009 då talet var 2 466 lag.

### Fordeling av bingoinntekter

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	166	50 %
Helse	55	17 %
Musikk/kultur/fritid	65	20 %
Humanitær	29	9 %
Diverse	14	4 %
Totalt	329	100 %



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 166 millionar. Blant andre kategoriar er det foreningar innan musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med 65 millionar.

### Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av tal i Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2010 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

I overkant av 460 lag og foreningar inngår i oppstillinga under. 81 av desse er radiobingo og 4 er TV-bingo.

#### **Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2010**

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill.)	210 mill. kr
<b>Gevinst</b>	<b>130 mill. kr</b>
<b>Netto omsetning</b>	<b>80 mill. kr</b>
administrativ kostnad	30 mill. kr
overskot til formåla	50 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	24 %
Formåla sin del av netto omsetning	63 %
<b>Gevinstprosent</b>	<b>62 %</b>

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 210 millionar i brutto omsetning, med eit overskot på 50 millionar kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn estimerer vi til om lag 75 millionar. Det meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning utgjere i underkant av 40 prosent av omsetninga for bingo utan entreprenør.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot på mellom 25 og 30 millionar kroner.

## 7. Andre lotteri

I tillegg til bingo har vi for 2010 registrert nærare 2 600 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har også gjort eit estimat for dei lokale og regionale lotteria.

### Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei fleste er landsdekkjande. For 2010 har vi fått innrapportert 62 lotteri. I 2009 var talet 59.

#### Landslotteri - nøkkeltal år 2010

Loddsal	383 mill. kr
Gevinstkostnad	71 mill. kr
Netto omsetning	312 mill. kr
administrative kostnader	230 mill. kr
overskot til formåla	83 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	22 %
Formåla sin del av netto omsetning	26 %
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>18 %</u>

Landslotteria omsette for 383 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2010 var 71 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar fråtrekte. Administrative kostnader utgjorde 230 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 83 millionar. Dette utgjorde 22 prosent av brutto – og 26 prosent av netto omsetning.

Omsetninga er om lag som i 2009. Då utgjorde loddsalet 378 millionar. I 2009 vart overskotet til organisasjonane 98 millionar kroner.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemsal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT sine kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

## Andre lotteri

### Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>33</sup>	Brutto oms. (mill.)	Overskot (mill.)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	60,1	16,0	16 %	19 %	27 %
Helse	179,0	36,9	47 %	45 %	21 %
Musikk, kultur og fritid	6,5	1,6	2 %	2 %	24 %
Humanitær	96,1	20,3	25 %	25 %	21 %
Diverse	41,0	7,8	11 %	9 %	19 %
Totalt	382,8	82,6	100 %	100 %	22 %

Helseorganisasjonar har som tidlegare år størst omsetning, 47 prosent av heile marknaden i 2010. Dei hadde om lag lik del av samla overskot, 45 prosent.

### Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill.)	Adm.kostn. (mill.)	Overskot (mill.)	Adm.kostn. av netto omsetning	Overskot av netto oms.
Idrett	54,1	38,1	16,0	70 %	30 %
Helse	143,9	106,9	36,9	74 %	26 %
Musikk, kultur og fritid	5,6	4,1	1,6	72 %	28 %
Humanitær	72,9	52,6	20,3	72 %	28 %
Diverse	35,7	27,9	7,8	78 %	22 %
Totalt	312,1	229,6	82,6	74 %	26 %

Administrative kostnader utgjorde 230 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, enten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, kommisjonærar etc., men ikkje gevinstkostnader.

For ein del lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. For 21 lotteri har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 33 millionar kroner.

## Andre lotteri


### Landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd

Dei fleste landslotteri er landsdekkjande skrapelodd. Det er difor naturleg å sjå landslotteri saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

Landslotteri omsette totalt for 383 millionar kroner. I tillegg omsette Norsk Tipping sitt Flaxlodd for 1 021 millionar.

#### Organisasjonar med loddsal over 20 millionar kroner:

- |  |             |
|--|-------------|
| • Landsforeningen for hjerte- og lungesyke | 49 mill. kr |
| • De 10 Humanitære (Yezz!) <sup>34</sup>   | 41 mill. kr |
| • Norges Håndballforbund                   | 26 mill. kr |
| • Norges Røde Kors (pantelotteriet)        | 26 mill. kr |
| • Redningsskapet                           | 20 mill. kr |



I 2010 utgjorde denne delen av lotterimarknaden 1 404 millionar kroner.

10H sitt lotteri (Yezz!) inngår i kategoriene for helseorganisasjonar og humanitære organisasjonar. 10H sin marknadsdel var 3 prosent i 2010.

<sup>34</sup> Totalt for 11 speleomgonger med Yezz! Tal for speleomgong (1. november 2009 til 31. mars 2010) er rekna med her.

## Andre lotteri

---

### Lokale/regionale lotteri

I Lotteriregisteret vart det til saman registrert vel 2 500 lokale og regionale lotteri i år 2010.

I overkant av 2 400 er meldingslotteri og i tillegg har om lag 90 lotteri fått løyve<sup>35</sup>.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

### Berekning for lokale/regionale lotteri

#### Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2010

Estimert brutto omsetning 120 mill. kr  
(runda til næraste 10 mill.)

Gevinstkostnad 30 mill. kr

Netto omsetning 90 mill. kr

administrativ kostnad 10 mill. kr

overskot til formåla 80 mill. kr

Formåla sin del av brutto omsetning 80 %

Formåla sin del av netto omsetning  
(brutto omsetning – gevinst) 89 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning 25 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

---

<sup>35</sup> Arrangør av lotteri med omsetning under 150 000 per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning 150 000 eller meir treng løyve frå Lotteritilsynet.



## 8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter ny forskrift frå 1. januar 2009. Frå den dato skal 20 prosent av overskotet (netto omsetning) tilfalle lotteriverdige organisasjonar.

I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskrifta. Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett. Rulett er berre tilgjengeleg på dei to største skipa.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2010 for 469 millionar om bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, men 11 prosent vart satsa ved spelebord.

### Spel på skip – nøkkeltal 2010

Brutto omsetning <sup>36</sup>	
Automatar	415 mill. kr
Spelebord	54 mill. kr
Totalt	469 mill. kr
Utbetalt gevinst	
Automatar	344 mill. kr
Spelebord	36 mill. kr
Totalt	380 mill. kr
Total netto omsetning	90 mill. kr
administrativ kostnad	72 mill. kr
overskot til formåla	18 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	4 %
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	81 %

18 millionar var fordelt til 44 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	13,9	78 %
Musikk/kultur/fritid	3,0	17 %
Diverse	1,0	6 %
Totalt	17,9	100 %

<sup>36</sup> Brutto omsetning for automatar er beløpet som er putta på automatar av fysiske pengar og for spelebord er omsetning antall sjetongar som er kjøpt.

## 9. English summary

The turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 24.8 billion in 2010. Of this players collected NOK 16.1 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 8.6 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover is increased from 22.5 billion in 2009. The main cause for the increase was the introduction of Norsk Tippings IVTs during 2009.


### Key figures on the gaming market in Norway

Year 2010	Million			
	NOK	EUR <sup>37</sup>		
Gross turnover (total wagered)	24,751	3,091		
Prizes	16,105	2,011		
Net turnover (expenditure/loss)	8,646	1,080		
Year 2010	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita <sup>38</sup>	5,062	632	1,768	221
Per capita, 15 years and older	6,235	779	2,178	272
Per household <sup>39</sup>	11,137	1,391	3,890	486
Percentage of disposable income <sup>40</sup>	2,19 %		0,77 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 5,062 in 2010.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 1,768 This amounts to 0.8 % of the disposable income per household.

### The Norwegian gaming market – gross turnover (sales) in 2010, total NOK 24 751 million



<sup>37</sup> Average rate of exchange 2010 as determined by Norges Bank: 8,0068.

<sup>38</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>39</sup> The average number of persons per household is 2.2. (Figures from Statistics Norway - Statistical year book)

<sup>40</sup> Statistical year book "Households. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 1 128 964 millions.


## English summary

The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 13.8 billion (of this 3.5 billion on IVTs<sup>41</sup>), and nearly 1 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians wagered NOK 3.7 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of NOK 5.4 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 5.2 billion. Also included here are side games (electronic<sup>42</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately NOK 210 million.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at nearly NOK 0.4 billion. For the other lotteries we stipulate a turnover of NOK 120 million.

On Norwegian ships sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 469 million in 2010<sup>43</sup>.



<sup>41</sup> Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 320 million.

<sup>42</sup> Bingo machines and online bingo.

<sup>43</sup> On slot machines amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed. On table games the value of chips purchased.

## 10. Vedlegg

### **Om datainnsamlinga**

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet. Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar, men har gjort egne berekningar der talmaterialet har vore mangelfullt. For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er eit utval rekneskapsopplysningar for 2010. I tillegg er tidlegare års statistikkar nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

### **Kategorisering av formål**

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar. Ordlyd frå rettleiinga til spørjeskjemaet er vist her.

#### Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

#### Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

#### Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

#### Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

#### Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

## Vedlegg

### Berekning for bingo med entreprenør

Bingoautomatar: 16 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 29: 68 prosent.

Databingo: To entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst: Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 59: 77 prosent.

Ein bingoentreprenør som til saman dreiv 12 bingohallar i 2010 er no konkurs. Her har vi ikkje hatt eit fullstendig talmateriale for 2010, men har gjort berekningar for deler av verksemda. Berekningar har då tatt utgangspunkt i reell rapportering i 2010, rapporterte tal frå entreprenør for 2009 og m.a. data om korleis marknaden generelt har utvikla seg i 2010.

### Berekning for bingo utan entreprenør

På grunnlag av tal i Lotteriregisteret og rekneskapsrapportar for 2010 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar		
Brutto omsetning i snitt	900 000 <sup>44</sup>	347 000 <sup>45</sup>		
Samla gevinstprosent	53 %	70 %		
Overskot av brutto omsetning <sup>46</sup>	35 %	15 %		
Tal løyve i Lotteriregisteret	85	378		
			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning	76 mill.	131 mill.	208 mill.	210 mill.
Estimert gevinst	40 mill.	92 mill.	132 mill.	130 mill.
Estimert netto omsetning	36 mill.	39 mill.	75 mill.	80 mill.
Estimert overskot til formåla	27 mill.	20 mill.	46 mill.	50 mill.
Estimert brutto omsetning år 2010*	210 mill.			
- Gevinst	130 mill.			
= Netto omsetning*	80 mill.			
administrativ kostnad overskot*	30 mill. 50 mill.			
Formåla sin del av brutto omsetning	24 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	63 %			
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>62 %</u>			

\*) runda til næraste 10 mill.

<sup>44</sup> Snittberekning for 77 rekneskap (2010) kr 899 707,-

<sup>45</sup> Snittberekning for 121 rekneskap (2010) kr 346 998,-

<sup>46</sup> Avrunda prosent til formål, 2010-rekneskap og tidlegare rapporterte tall.

### Landslotteri 2010 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

<b>Idrett</b>	Norges Badmintonforbund Norges Fotballforbund (2 lotteri) Norges Håndballforbund Norges Skiforbund Norges Svømmeforbund (2 lotteri) Norsk Motorsportforbund Sportslotteriet <sup>47</sup> (2 lotteri)
<b>Helse</b>	Diabetesforbundet Foreningen for hjertesjyke barn Foreningen for Muskelsjyke Handikappede Barns Foreldreforening Hørselshemmedes Landsforbund Landsforbundet Mot Stoffmisbruk Landsforeningen for hjerte og lungesjyke Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen uventet barnedød Multippel sklerose forbundet i Norge Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening (2 lotteri) Organisasjonen Voksne for Barn Stiftelsen Sofienlund 5 av 8 organisasjonar i 10H <sup>48</sup>
<b>Musikk, kultur og fritid</b>	Norges Musikkorps Forbund (2 lotteri) 4H Norge
<b>Humanitær</b>	Adopsjonsforum Norges Livredningsselskap Norges Røde Kors (pantelotteriet) Norsk Folkehjelp Redningsselskapet Stiftelsen Flyktninghjelpen 3 av 8 organisasjonar i 10H <sup>49</sup>
<b>Diverse</b>	Den indre sjømannsmisjon Det Norske Arbeiderpartiet Det Norske Totalavholdsselskap og IOGT i Norge Fjellheim Bibelskole AS Framtiden i våre hender Kristelig Folkeparti Motorførernes Avholdsforbund Norea Mediemisjon Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

---

<sup>47</sup> Sportslotteriet omfattar lotteriløyve for Norges Bandyforbund, Norges Basketballforbund, Norges Biljardforbund, Norges Bokseforbund, Norges Bowlingforbund, Norges Bueskytterforbund, Norges Danseforbund, Norges Fekteforbund, Norges Gymnastikk- og Turnforbund, Norges Klatreforbund, Norges Skytterforbund, Norges Vannski- og Wakeboardforbund samt Norges Badmintonforbund.

<sup>48</sup> Kreftforeningen, Landsforeningen for hjerte- og lungesjyke (LHL), Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund.

<sup>49</sup> Flyktninghjelpen, Norges Røde Kors og Norsk Folkehjelp.

## Vedlegg

---

### Bereknning for lokale/regionale lotteri

For 2010 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldings- lotteri	Lotteri med løyve		
Brutto omsetning i snitt	35 000 <sup>50</sup>	368 000 <sup>51</sup>		
Samla gevinstprosent (kostnad)	15 % <sup>52</sup>	40 %		
Overskot av brutto omsetning	80 %	47 %		
Tal meldingar/ løyve frå Lotteriregisteret	2 423	91		
			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning	86 mill.	33 mill.	119 mill.	120 mill.
Estimert gevinst	13 mill.	13 mill.	26 mill.	30 mill.
Estimert netto omsetning	73 mill.	20 mill.	93 mill.	90 mill.
Estimert overskot til formåla	69 mill.	16 mill.	84 mill.	80 mill.
Estimert brutto omsetning år 2010*	120 mill.			
- Gevinst*	30 mill.			
= Netto omsetning	90 mill.			
administrativ kostnad overskot*	10 mill. 80 mill.			
Formåla sin del av brutto omsetning	80 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	89 %			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	25 %			

\*) runda til næraste 10 mill.

---

<sup>50</sup> Gjennomsnittleg omsetning i 1 663 rekneskap registrert i Lotteriregisteret eller av Lotteritilsynet for 2010 (kr 35 440).

<sup>51</sup> Snittberekning av 68 rekneskap for 2010 (kr 367 787).

<sup>52</sup> Gevinstkostnad og andre kostnader er berre registrert for enkelte lotteri.  
Vi estimerer frå dette 15 % gevinstkostnad og 80 % som formålets del av brutto omsetning.



Lotteri- og stiftelsestilsynet

Postboks 800 • 6805 Førde  
Tlf. 57 82 80 00

